

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Inger Moe  
Arkivsaksnr.: 17/3557

Arkiv: K01 &18

---

## **Handsaming av søknad om løyve til å køyre vegen Ilaget - Lø - Hodnane Aud Marie Øien**

### **Rådmannen si tilråding:**

Med heimel i motorferdselforskrifta § 6 får Aud Marie Øien løyve til å køyra mor si i bil til og frå hytta på Hornane i perioden 2017-2020.

Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og den som køyrer skal opptre omsynsfullt i møte med vilt, husdyr og menneske.

Meldinga om vedtaket skal medbringast i tilfelle oppsyn.

## Saksutgreiing:

**Dokument til saka:** Løyve frå veglaget datert 16.07.2017.

## Samandrag:

Aud Marie Øien søkjer om løyve til å køyra mor si til Hornane om lag to gonger årleg til og med 2020. Køyringa føreset dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel i utmark sidan vegen ikkje er godkjend for køyring med bil.

Rådmannen gjer framlegg om at søkjaren bør få slikt løyve ut frå ein prinsipiell føresetnad om at menneske i så høg alder normalt vil ha behov for motortransport for å komma seg til Hornane.

**Utval som har vedtaksmynde:** Plan- og forvaltningsstyret

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) av 10.06.1977 nr. 82
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag av 15.05.1988 nr. 356
- Lokalt delegasjonsreglement k-sak 26/12

Andre relevante dokument:

- Kommunale retningsliner knytt til "Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag"
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova, nml) av 19.06.2009 nr. 100

## Fakta:

Luster kommune har motteke kopi av løyve frå Veglaget Ilaget-Lø-Hornane til at Aud Marie Øien kan køyra mor si (96) til og frå hytta på Hornane to gonger årleg i perioden 2017-2020. I motorferdselsamanheng er vegen å rekna som utmark fordi han ikkje er opparbeidd for bilkøyring, administrasjonen har difor valgt å oppfatta brevet som ein søknad om dispensasjon.

Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode, jf motorferdsellova § 3. Korkje lova eller motorferdselsforskrifta har konkrete reglar for transport av menneske som har nedsett evne til å gå anna enn for det som gjeld bruk av snøscooter. Saka må difor handsamast etter den generelle unntaksparagrafen, § 6, som har fylgjande ordlyd: *«I unntakstilfelle kan kommunestyret – eller et annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.»*

## Vurdering:

For å få dispensasjon frå motorferdsel forbodet må søkjar visa til eit «særleg behov». På dette punktet er saka av prinsipiell karakter, sidan det ikkje er oppgjeve anna argument enn alderen på passasjerer. Rådmannen ser det som rimeleg å leggja til grunn at personar over 90 år normalt vil ha ei slikt behov på ei så pass lang strekning som det her er snakk om.

Vurderingar etter miljørettsprinsippa, §§ 8-12 i naturmangfaldlova:

Kunnskapsgrunnlaget som er lagt til grunn for rådmannen sitt framlegg baserer seg på naturbasen saman med artsdatabanken og lokalkunnskap, jf. § 8 om kunnskapsgrunnlaget.

Det er ingen kjende naturverdiar som krev særlege omsyn i det aktuelle området. Køyning med bil på opparbeidd veg er ikkje direkte til skade for plantelivet, men kan ha uroande effektar på vilt og husdyr på beite, samt vera sjenerande for turgåarar. Det er difor naturleg at løyvet vert gjeve med vilkår om omsynsfull framferd (jf. nml § 10).

Dato:

Jarle Skartun  
rådmann

Steinulf Skjerdal  
Landbrukssjef

---

Særutskrift skal sendast: Aud Marie Øien  
m/kopi til: Runar Hatlevoll, fjelloppsyn